

Samsvarsbøying

Set inn riktig form av adjektivet.

a) ny

Vi har flytta til ein _____ stad og bur i eit _____ hus.

Eg er _____ i klassen. Det er nokså kjedeleg å vere den _____ i klassen. Men eg håper å få mange _____ venner!

b) gammal

Mormor er _____ sjølv om ho ikkje synest det sjølv. Ho bur i eit _____ hus, like ved den _____ brua. Ho bur ikkje åleine, for ho har ein _____ katt som held henne med selskap. I _____ hus kan det vere spøkjelse. Nokre gonger er det rare lydar i huset til mormor, men ho seier at det berre er dei _____ veggene som knirkar. Og nokre gonger knirkar den _____ katten litt også.

c) hyggjeleg

Eg kjenner mange _____ menneske. Ein av dei som er aller _____, er tanta mi. Ho finn alltid på _____ ting vi kan gjere saman. Vi plar for eksempel sjå på film saman. Somme gonger vel vi ein _____ film, andre gonger ein som er spennande eller skummel. Eg liker dei _____ filmene best.

d) Vel ein av tekstane ovanfor, og skriv han på nytt i arbeidsboka di.

Byt ut nokre av adjektiva.